

KOMMISJONSVEDTAK

2010/EØS/38/02

av 8. august 2006

om endring av vedtak 2002/300/EF med omsyn til dei områda som er utelatne frå lista over godkjende soner med omsyn til *Bonamia ostreae* og/eller *Marteilia refringens*(*)

[meldt under nummeret K(2006) 3518]

(2006/559/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 91/67/EØF av 28. januar 1991 om krav til dyrehelse ved omsetning av akvakulturdyr og akvakulturprodukter⁽¹⁾, særleg artikkel 5 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I kommisjonsvedtak 2002/300/EF av 18. april 2002 om utarbeiding av lista over godkjende soner med omsyn til *Bonamia ostreae* og/eller *Marteilia refringens*⁽²⁾ er det fastsett kva område i Fellesskapet som vert rekna som frie for blautdyrsjukdommane *Bonamia ostreae* og/eller *Marteilia refringens*.
- 2) Det sameinte kongeriket har ved brev av mai 2006 meldt frå til Kommisjonen at *Bonamia ostreae* er påvist i elva Cleddau i Wales. Det sameinte kongeriket har innført ei kontrollsoner og ei overvakingssone rundt det området som er råka. Dette området har tidlegare vore rekna som fritt for *Bonamia ostreae*, men kan ikkje lenger reknast som fritt for denne sjukdommen.

3) Vedtak 2002/300/EF bør difor endrast.

4) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Vedlegget til vedtak 2002/300/EF vert bytt ut med teksta i vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 8. august 2006.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 219 av 10.8.2006, s. 28, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 46/2007 av 8. juni 2007 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 48, 11.10.2007, s. 1.

⁽¹⁾ TEF L 46 av 19.2.1991, s. 1. Direktivet sist endra ved forordning (EF) nr. 806/2003 (TEU L 122 av 16.5.2003, s. 1).

⁽²⁾ TEF L 103 av 19.4.2002, s. 24. Vedtaket sist endra ved vedtak 2005/748/EF (TEU L 280 av 25.10.2005, s. 20).

VEDLEGG

«VEDLEGG

soner som er godkjende med omsyn til éin eller fleire av blautdyrsjukdommane *bonamia ostreae* og *mariteilia refringens*

1.A. Soner i Irland som er godkjende med omsyn til *B. ostreae*

- Heile kystlinja til Irland, bortsett frå dei følgjande sju områda:
 - Cork Harbour,
 - Galway Bay,
 - Ballinakill Harbour,
 - Clew Bay,
 - Achill Sound,
 - Loughmore, Blacksod Bay,
 - Lough Foyle.

1.B. Soner i Irland som er godkjende med omsyn til *M. refringens*

- Heile kystlinja til Irland.

2.A. Soner i Det sameinte kongeriket, Kanaløyane og Isle of Man som er godkjende med omsyn til *B. Ostreae*

- Heile kystlinja til Storbritannia, bortsett frå følgjande fire område:
 - sørkysten av Cornwall, frå Lizard til Start Point,
 - området rundt munningen av Solent, frå Portland Bill til Selsey Bill,
 - området langs kysten i Essex, frå Shoeburyness til Landguard Point,
 - området langs kysten i sørvest-Wales, frå Wooltack Point til St. Govan's Head, medrekna Milford Haven og tidevassområda i austre og vestre Cleddau.
- Heile kystlinja til Nord-Irland, bortsett frå det følgjande området:
 - Lough Foyle.
- Heile kystlinja til Guernsey og Herm.
- Sona til Jersey: sona omfattar tidevassområdet og området nærast kysten mellom merket for det gjennomsnittlege lågvatnet på øya Jersey og ei tenkt linje som er trekt opp tre nautiske mil frå merket for det gjennomsnittlege lågvatnet på øya Jersey. Sona ligg i bukta mellom Normandie og Bretagne, på sørsida av Den engelske kanalen.
- Heile kystlinja til Isle of Man.

2.B. Soner i Det sameinte kongeriket, Kanaløyane og Isle of Man som er godkjende med omsyn til *M. refringens*

- Heile kystlinja til Storbritannia.
- Heile kystlinja til Nord-Irland.
- Heile kystlinja til Guernsey og Herm.
- Sona til Jersey: sona omfattar tidevassområdet og området nærast kysten mellom merket for det gjennomsnittlege lågvatnet på øya Jersey og ei tenkt linje som er trekt opp tre nautiske mil frå merket for det gjennomsnittlege lågvatnet på øya Jersey. Sona ligg i bukta mellom Normandie og Bretagne, på sørsida av Den engelske kanalen.
- Heile kystlinja til Isle of Man.

3. Soner i Danmark som er godkjende med omsyn til *B. ostreae* og *M. refringens*

- Limfjorden, frå Thyborøn i vest til Hals i aust.»
-